

BREKKETVEITA – TINGSTEINEN – BJØRNDALEN

Høgdemeter over havet: 760

Lengde: ca 7,5km rundtur

Tid: 3-4 timar heile runden.

Gradering: Dette er ein middels lett tur som passar for alle.

Vegskildring: Ta av frå riksveg 13 ved bomstasjonen i Svelgo og køyr gamlevegen mot Skjervet. Køyr over brua ved Moe og opp til Mjølkeskår. (Vegkryss Skaftedal – Skår.) Parker her. Gå grusvegen opp mot Skaftedal til du kjem til Brekketveita. (Heimestølar til Brekkegardane, som ligg til høgre langs grusvegen) Sjå skilt, og det er ein nylaga stor parkeringplass her med ein raud pinne. Her startar turen. Gå over beitet og gjennom grinda ved det galme selet. Gå deretter mot venstre langs gjerdet. Følg merkinga opp til stølen. Kassa heng på mosstova til gardnr 83, bruk nr 2.

For å gå vidare til Tingsteinen følger du merking vidare gjennom ett lite Granholdt og krysser bekken. Følg stien som går opp bakken til mot nord ved skiltet.

(Ein kan og gå frå Jørdretveita , her står det treskilt til Hondalsnuten og Skykkjeset og då må du gå gjennom dei to grindane før stien vidare går rett fram langs steinmuren. (Stien til venstre går mot Skykkjeset og Hondalsnuten, sjå skilt) For å gå til Brekketveita skal du følgje stien og krysse bekken mot høgre.)

Stien til Tingsteinen går opp bakken mot nord ved skiltet. Etter ein kilometer kjem du til Mossdal. Stien deler seg og du følger mot høgre og kryssar ein liten bekk. Sjå skilt mot Tingsteinen. Herifrå er det ikkje tydelig sti, men følg merkinga til du kjem til kraftig sti igjen. Ved neste vegskilje møter du på stien opp frå Bjørndalen og du er snart oppe på Tingsteinen. Tingsteinen ligg omlag 764 moh. Det veks mykje fjellbjørk i området, så du ser ikkje steinen før du er veldig nær. Det er noko myrlendt på vegen opp mot Tingsteinen. Om du går ca. 50 meter aust frå Tingsteinen vil du få fin utsikt over Øvre Granvin.

Frå Tingsteinen følgjer du stien og merkinga ned til det same vegskiljet du passerte på veg opp om du vil gå ned til Bjørndalen (Heimestølar til Kolskår). Her heng kassa på selet til gardnr. 86, bruk nr 2. Herifrå går du ned på vegen og følgjer denne ned i Drivdalen, det står skilt her og vidare ned forbi gardane i

Kolskår og tilbake til bilen i Mjølkeskår. Heile «runden» tek omlag tre -fire timar.

Det er like fint å starte turen frå Drivdalen og gå til Bjørndalen fyrst om ein vil det. Då går du vidare opp til Gofarbakken (skilt hengjer på ei furu) og derifrå rett opp til Tingsteinen som er noko kortare enn å gå frå Brekketveita.

Turtips 1: Gå raudmerka løype til Skykkjeset.

Turtips 2: Gå vidare frå Skykkjeset og vidare til Hondalsnuten.

Turskildringar ligg på heimesida til Granvin turlag: www.granvin-turlag.no

GOD TUR!